

Vanylven kommune
Rådhuset
6143 Fiskå

Dykkar ref: 21/1697 22/10953
Vår ref: 2022/277374
Dato: 31.01.2023
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmiddel

Mattilsynet

UTTALE TIL DETALJREGULERING - SMASTRANDA NÆRINGSOMRÅDE

Mattilsynet har mottatt detaljreguleringsplan for Småstranda næringsområde til uttale. Det er Norconsult AS som har utarbeida planen på vegne av Vanylven kommune.

Formålet med reguleringarbeidet er å etablere eit formelt plangrunnlag for utfylling i sjø, tilkomstveg, og på sikt næringsutvikling i området.

Mattilsynet si rolle

Som høyringsinstans har Mattilsynet i oppgåve å sikre at planane for nasjonale og regionale interesser blir ivaretatt innanfor områda drikkevatn, plantehelse, fiskehelse/fiskevelferd og dyrehelse/dyrevelferd.

I denne saka gir vi innspel til forhold som omhandlar fiskehelse/fiskevelferd og drikkevatn;

Omsyn til fiskehelse og fiskevelferd hjå akvatiske dyr

Mattilsynet syner til matlova og at det er særleg plikt til aktsemd med tanke på å førebyggje og hindre risiko for spreiling av smittsame sjukdommar på dyr, medrekna akvatiske dyr. Vi forventar difor at der det er relevant, bør det utarbeidast føresegner som vil førebyggje overføring av kjend og ukjend smitte mellom vassdrag og langs kysten med omkringliggjande område.

Dyrevelferdslova seier at dyr, og medrekna akvatiske dyr, skal behandlast godt og beskyttast mot fare for unødige påkjenningar og belastningar. Dersom det blir større aktivitet med utfylling, utmudring og eventuell sprenging i sjø, så må de kunne ha moglegheit til å setje i verk førebyggjande tiltak for å redusere belastninga for akvatiske dyr, og særleg oppdrettsfisk.

Planområdet Småstranda næringsområde ligg om lag 2 km i frå Statt torsk ASA sin torskelokalitet 12233 Stokkeneset og rundt 3 km i frå utløp for anadromt vassdrag, Åheimselva. Rett i nærleiken av planområdet er det og gytefelt for torsk og rekefelt. 5-6 km unna det aktuelle planområdet ligg oppdrettslokalitetane Rekvika og Sighaug. Lokalitet Sighaug, som er eit landanlegg for rensefisk, har sjøvassinntaket sitt i Vanylvsfjorden, kartlegging av kvar dette ligg i forhold til planområdet kan være hensiktsmessig.

Ved arbeid i/ved planområdet Småstranda næringsområde vil det være viktig at spesielt Statt torsk ASA, lokalitet Stokkeneset, blir informert om planlagt aktivitet. Torsk er ein art som har god hørsel og lett kan bli påverka av lyd, særleg impulsive lydar (brå, kraftige lydar) som kan gje ein

skadeeffekt på symjeblæra om fisken blir skremt og får ein fluktrespons. Vidare kan gjellene til fisk bli påverka/redusert når det er mykje partiklar i vatnet. Utbyggjar/utbetrar må kunne iverksette tiltak ved behov og ha tilgjengeleg nødvendig utstyr for å skjerme fisken for unødige påkjenningar. Stiltgardin vil kunne være eit eksempel på slikt utstyr.

Drikkevatn

Ut ifrå informasjon som følgjer av vedlagte plandokument vil ikkje tiltaket påverke lokale drikkevassinteresser.

Det er ikkje teke stilling til kva type verksemder som skal etablerast innafor planområdet. I følgje ROS-analysa skal det etablerast tilstrekkeleg vassforsyning (inkludert sløkkevatn) tilpassa næringsaktiviteten. Dersom vatnet skal nyttast til inntak, håndvask m.m. vil krava i drikkevassforskrifta vere gjeldande.

Konklusjon

Mattilsynet forventar at kommentarane knytt til fiskehelse/fiskevelferd og drikkevatn blir vurdert og i nødvendig grad følgt opp.

Med helsing

Lennart F. Berge
Seksjonsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*